



REGLEMENT FOR TILDELING AV MOBILTELEFON

- 1. Omfang**
Dette reglementet gjeld retningslinjer for tildeling og bruk av mobiltelefon.
- 2. Kven reglementet gjeld for**
Reglementet gjeld for tilsette og folkevalde i Flora kommune.
- 3. Heimel og gyldigheit**
Reglementet vert vedteke av administrasjonsutvalet med heimel i Møte- og delegasjonsreglement for Flora kommune, kapitel 6, punkt 2.2.6.
Reglementet trer i kraft med verknad frå 1. januar 2006 og gjeld inntil vidare.
- 4. Avgjerdsmynde**
Tildeling av mobiltelefon vert avgjort av den som har tilsettingsmynde.
For folkevalde avgjer formannskapet.
- 5. Kven kan tildelast mobiltelefon**
Arbeidstakar kan tildelast mobiltelefon når det er nødvendig med omsyn til arbeidet i kommunen. Arbeidstakar må samstundes akseptere at namn og telefonnummer kan bli ført opp i telefonkatalogen under den aktuelle tenesta.
- 6. Type ordningar**
I Flora kommune er det følgjande to ordningar:
 - a. Arbeidsgivar held mobiltelefonen som den tilsette disponerer
 - b. Den tilsette held mobiltelefonen sjølv
- 7. Utlån av mobiltelefon**
Arbeidstakarar som for kortare periodar i samband med tenesta har trong for mobiltelefon, kan disponere mobiltelefon for utlån.
- 8. Økonomisk dekning**
Det vert gitt følgjande dekning for bruk av mobiltelefon:
 - a. Arbeidsgivar held mobiltelefonen som arbeidstakar disponerer i samband med tenesta.
 - b. Arbeidstakar held mobiltelefonen sjølv og får dekkja utgifter til samtaleavgift i samband med tenesta etter dokumentert krav.
- 9. Privat bruk av arbeidsgivar sin mobiltelefon**

Privat bruk av arbeidsgjevar sin mobiltelefon bør avgrensast til eit minimum. Arbeidsgjevar kan krevje samtaleoversikt.

10. Overgang til annan stilling i kommunen

Når ein arbeidstakar går over i ein annan stilling i kommunen vert vedkomande si ordning med mobiltelefon å vurdere på nytt.

11. Arbeidstakar som sluttar

Når arbeidstakar sluttar eller går over i permisjon opphøyrar ordninga ved sluttdato eller permisjonsdato. Dette gjeld ved permisjon ut over 3 månader. Når arbeidsgivar held mobiltelefon som den tilsette disponerer skal telefonen leverast tilbake innan sluttdato eller permisjonsdato.

12. Rutinar og oversyn over mobiltelefonbrukarar

Tenestene og stabar skal ha dokumenterte rutinar for å halde oversikt over kven som har mobiltelefon og kva type ordning som gjeld for den enkelte.

For rådmannsgruppa og stabane er det Tenestetorget som skal ha oversyn over inngåtte mobiltelefonabonnement og kven som til ei kvar tid disponerer det enkelte abonnement.